



Nasjonal transportplan 2010 - 2019

Nasjonal transportplan 2010–2019 er den tredje i rekka i det plansystemet som blei etablert gjennom St.meld. nr. 46 (1999–2000) Nasjonal transportplan 2002–2011.

Regjeringa legg i meldinga fram sine mål og strategiar for transportpolitikken dei neste 10 åra. Regjeringa har vore oppteken av å bruke dei store pengane til å vidareutvikle velferdsamfunnet og til å styrkje grunnlaget for den langsiktige verdiskapinga mellom anna gjennom ei sterk auke i samferdsleinvesteringane. I Nasjonal transportplan 2010–2019 vert denne satsinga ytterlegare styrka.

Tryggleik, regional utvikling og næringslivet sine transportbehov er sentrale element i regjeringa sin transportstrategi. Samstundes er det teke balanserte omsyn til naudsynte tiltak for å motverke negative miljøeffektar av transport – særleg har ein lagt vekt på ei langsiktig tilpassing av transportsystemet i lys av klimautfordringa.

Det er over lang tid brukt for lite midlar både til investeringar, drift og vedlikehald. Den sterke satsinga både på drift og vedlikehald og på nye utbyggingsprosjekt i meldinga gir auka pålitelegheit i transportsystemet, redusert reisetid på viktige riksvegtruter og jernbanestrekningar, og reduserte avstandskostnader. Vidare vil framkomst for gåande og syklande gjennom ei sterk satsing på gang- og sykkelveggar bli betre.

Reduserte avstandskostnader mellom regionar er viktig for konkurransekrafta i næringslivet og for å utvikle robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar. Tiltaka som Regjeringa vil gjennomføre i planperioden vil gjere at avstandskostnadane blir redusert.

Regjeringa vil føre ein meir differensiert politikk tilpassa målet om eit moderne transportnett i heile landet. Det betyr at satsinga på kollektivtransport og jernbane er særleg sterk i og omkring dei største byane, medan veksten i løyvingane til veg er særleg sterk elles i landet.

[her finner du nasjonal transportplan](#)

Aktiviteter

- 09.02 [Frokostmøte: sykefravær](#)
- 19.02 [Stjøralskonferansen](#)
- 09.03 Frokostmøte
- 23.03 [generalforsamling i SNF](#)
- 13.04 Frokostmøte

(klikk på aktivitet for mer informasjon)

SNF mener....

Samarbeidspartnere



filial av Danske Bank

Hvis du vil fjerne navnet ditt fra adresselisten, [klikker du her](#).
Spørsmål eller kommentarer? Send e-post til post@stjordalinfo.com eller ring 74 83 45 83

